



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 21.03.2018
Vår ref.: 2018/3218
Arkivnr.: 521.0

Sauda kommune
Postboks 44
4201 Sauda

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll i Sauda kommune

Vi viser til brev datert 20.12.2017, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2018. I vedlegg til brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll på landbruksområdet i Sauda kommune i løpet av 2018. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen og avtale dato for denne.

Forslag til dato for kontrollen

Vi vil føreslå å gjennomføre kontrollen torsdag 24. mai 2018. Som alternativ dato har vi sett opp tysdag 22. mai. Vi håper ein av desse datoane passar, og ber om tilbakemelding på dato innan 4. april.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med dei overordna føresetnadene og etter gjeldande lover og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane på landbruksområdet. Sist det blei gjennomført tilsvarende forvaltningskontroll i Sauda kommune var 27. mai 2014.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Under kontrollen vil vi sjå nærare på kommunen si forvaltning av regelverket knytt til ordninga med produksjonstilskot og dei økonomiske ordningane på skogområdet. Vi vil i god tid før avtalt dag komme tilbake med meir detaljar om aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

- 10.00-10.30 Formøte med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang
- 10.30-13.30 Intervju og gjennomgang av dokument
- 13.30-14.00 Sluttmøte med oppsummering av funn frå undersøkingane

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og saksbehandlar(ane) for dei ulike ordningane. I tillegg ber vi om at rådmann deltek på formøtet og sluttmøtet, og ser det som positivt dersom rådmann har anledning til å delta under heile kontrollen.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Geir Skadberg i tillegg til saksbehandlarane med ansvar for dei ulike ordningane som skal kontrollerast. Kontrollansvarleg for denne forvaltningskontrollen er Sissel C. Endresen.

Ta kontakt om det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Sissel C. Endresen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no